Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Søknad om reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk

**Skal sendast til Fylkesmannen**

Tøm skjema

## 1. Opplysningar om søkar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Namn på føretaket | | Kontonummer | Org.nummer |
| Kontoradresse | Postnr. | Poststad | |
| E-postadresse | Telefonnummer | | |

## 2. Summer frå «oversikt over reiser i søknadsperioden»

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Reisetilskot - eige framkomstmiddel | 2.1 | km á kr | 9,70 | 2.3 kr |
| Reisetilskot - leigd skyss/rutegåande transportmiddel | 2.2 | minuttar á kr | 5 | 2.4 kr |
| Utlegg ifølgje vedlagte dokumentasjon | | | | 2.5 kr |
| Totalt frådragsbeløp i søknadsperioden | | | | 2.6 kr |
| | | | Søknadsbeløp | 2.7 kr |

## 3. Underskrift

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Underskrift |

## 4. Til bruk for Fylkesmannen

Søknaden er kontrollert og godkjent for betaling.

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Underskrift |

versjon 2.2 - 20.12.2016

## Oversikt over reiser i søknadsperioden

| **Veterinær:** | **Kvartal, år:** |
|---|---|
| | |

| **5.** Vakt | **6.** Dato | **7.** Nr. | **8.** Start-tidspunkt | **9.** Frå | **10.** Til (namn og adresse på rekvident) | **11.** Avreisetids-punkt frå rekvident | **12.** Tur/retur | **13.** Dyreslag | **14.** Eige fram-komstmiddel (km) | **15.** Leigd skyss (min) | **16.** Utlegg (kr.) | **17.** Frådrag (kr.) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| ☐ | | | | | | | | | | | | |
| **18.** | | | | | | | | **Sum** | 0 | 0 | 0 | 0 |

versjon 2.2 - 20.12.2016

## Rettleiar til søknadsskjema for reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk

Denne rettleiaren viser deg korleis du skal søkje om reisetilskott ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk. På side 1 i søknadsskjemaet («Søknad om reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk») skal du fylle ut informasjon om ditt veterinærføretak og summere opp alt rettkomme tilskot i søknadsperioden. Denne sida bør fyllast ut når alle reisene i søknadsperioden er gjennomført. På side 2 («Oversikt over reiser i søknadsperioden») skal du fylle ut informasjon om kvar enkelt reise du søker tilskot for. Denne sida bør fyllast ut undervegs i søknadsperioden. Dersom du ynskjer å søke om fleire reiser i søknadsperioden enn det det er plass til på arket, må du bruke fleire utgåver av «Oversikt over reiser i søknadsperioden».

Vi vil nedanfor gå gjennom skjemaet stegvis:

1. **Grunnopplysingar**

Her fyller du inn informasjon om veterinærføretaket.

2. **Summer frå «oversikt over reiser i søknadsperioden»**

I desse felta skal du fylle inn det summerte tilskotsgrunnlaget for heile søknadsperioden. Sjå nedanfor for ei nærare omtale av dei einskilde felta i søknadsskjemaet.

**2.1** I dette feltet skal du fylle inn det totale talet på km du har køyrt i søknadsperioden med eige framkomstmiddel.

**2.2** I dette feltet skal du fylle inn det totale talet på minuttar på reise med leigd skyss eller rutegåande transportmiddel i søknadsperioden.

**2.3** Her skal du fylle inn kor mykje talet på køyrde km med eiget framkomstmiddel svarar til i kroner. For å finne dette kronebeløpet må du multiplisere talet på køyrde km med satsen per km. Per no er satsen 9,70 kroner per km.

**2.4** I dette feltet skal du fylle inn kva for ein sum talet på reiste minuttar med leid skyss eller rutegåande framkomstmiddel svarar til i kroner. For å finne dette kronebeløpet må du multiplisere talet på minuttar på reise med satsen per minutt for reise med leigd skyss eller rutegåande framkomstmiddel. Per no er satsen 5 kroner per minutt (300 kroner per time).

**2.5** I dette feltet skal du fylle inn kor mye du har lagt ut for i søknadsperioden. Disse utlegga skal som hovudregel dokumenterast med kvittering. Bompasseringar må ikkje dokumenterast. Det blir ikkje gitt tilskot til å dekke meirverdiavgift på utlegg.

**2.6** Her skal du føre det totale frådragsbeløpet i søknadsperioden. Du skal trekka frå eit beløp tilsvarande 40 km reise med eiget framkomstmiddel per besøk det blir søkt tilskot for. Det totale frådragsbeløpet blir då talet på besøk det blir søkt tilskot for multiplisert med 388 kroner ( 40 km * 9,70 kr).

**2.7** Søknadsbeløpet skal vere summen av utlegg og reisetilskot minus det totale frådragsbeløpet i søknadsperioden.

3. **Underskrift**

I dette feltet skal du kvittere på at opplysingane i søknaden er korrekte. Søknaden må daterast og underskrivast for å bli godkjent.

4. **Fylkesmannen si godkjenning og underskrift**

Dette feltet skal fyllast ut av Fylkesmannen.

5. **Vakt**

Du skal krysse av i dette feltet dersom reisa du søker om tilskott for er køyrt i den kommunale vakttenesta.

6. **Dato**

Her skal du fylle ut dato for reisa.

7. **Nr.**

Alle reiser skal førast med eit eiget reisenummer. Utgangspunktet og endepunktet på ei reise er veterinærføretaket sin kontorstad. Ei reise vil kunne ha fleire besøk. Viss du til dømes reiser frå veterinærkontoret og gjennomfører fleire sjuke- og inseminasjonsbesøk før du reiser tilbake til veterinærkontoret, er dette å betrakte som ei og same reise.

8. **Starttidspunkt.**

Her skal du fylle ut starttidspunktet for reisa/besøket. Dersom du har eit besøk på ei reise, vil starttidspunktet alltid vere klokkeslettet for avreisa frå veterinærkontoret. Dersom du har fleire besøk på ei reise vil det første starttidspunktet vere frå veterinærkontoret, medan dei andre starttidspunkta vil være tidspunktet du reiser frå eit gjennomført besøk til det neste besøket på reisa.

## Rettleiar til søknadsskjema for reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk

**9./10. Frå - Til**
I desse felta skal du fylle inn startpunktet og endepunktet for den strekninga som skal gi grunnlag for tilskot. På reiser der du berre søker om tilskot for eit besøk vil startpunktet alltid vere føretaket si namn og adresse, medan endepunktet alltid vil vere rekvirenten si namn og adresse.

Dersom du har fleire besøk på same reise, må alle strekningane førast opp i søknadsskjema. Eksempelvis vil ei reise med to besøk måtte førast i tre ulike rader i søknadsskjema, men med same reisenummer. På det første besøket vil utgangspunktet for reisa vere føretaket si namn og adresse, medan endepunktet på strekninga vil vere namn og adresse på rekvirent nummer 1. På det andre besøket vil utgangspunktet (frå) vere namn og adresse på rekvirent nummer 1, medan endepunktet (til) vere namn og adresse på rekvirent nummer 2. På strekninga tilbake til veterinærkontoret vil utgangspunktet (frå) vere namn og adresse på rekvirent nummer 2, medan endepunktet vil vere føretaket si namn og adresse.

**Eksempel:**
Veterinær Mads Madsen skal på to veterinærbesøk. Eit sjukebesøk hjå storfebonde Lars Larsen og eit inseminasjonsbesøk hjå storfebonde Knut Knudsen.

| 7. Nr. | 9. Frå | 10. Til |
|---|---|---|
| 1 | Mads Madsen, Veterinærveien 11, Oslo | Lars Larsen, Storfeveien 2, Oslo |
| 1 | Lars Larsen, Storfeveien 2, Oslo | Knud Knudsen, Storfeveien 99, Oslo |
| 1 | Knud Knudsen, Storfeveien 99, Oslo | Mads Madsen, Veterinærveien 11, Oslo |

**11. Avreisetidspunkt frå rekvirent**
Her skal du fylle ut klokkeslettet du reiser frå rekvirent.

**12. Tur/Retur**
Her skal du krysse av dersom du berre har hatt eit besøk på reisa. Dersom du kryssar av i dette feltet, er det ikkje nødvendig å spesifisere heimreisa.

**13. Dyreslag**
I dette feltet skal du skrive kva for dyreslag som ble behandla/inseminert.

**14. Eige framkomstmiddel (km)**
Dette feltet skal du fylle ut dersom du har brukt eige framkomstmiddel på strekninga. Eige framkomstmiddel er definert som bil, båt, scooter eller motorsykkel som veterinæren fører sjølv. Det er talet på køyrde kilometer som skal fyllast inn i dette feltet.

**15. Leigd skyss**
Dette feltet skal fylles ut dersom du har brukt leigd skyss eller rutegåande transport på den reisa du søker om tilskot for. Leigd skyss er i forskrifta definert som bil, båt, scooter eller motorsykkel som veterinæren ikkje fører sjølv, medan rutegåande framkomstmiddel er definert som båt, tog eller buss som går i rute.

Det er talet på minuttar på reise med leigd skyss eller rutegåande framkomstmiddel som skal førast i dette feltet. Dersom det har vore nødvendig å vente på skyssen, skal ventetida inngå.

**16. Utlegg**
I dette feltet skal du føre opp eventuelle utlegg du har hatt på reisa. Utlegga skal førast opp i kroner, og må dokumenterast med kvittering som skal leggjast ved søknaden. Dersom du har utlegg til leigd skyssbåt, må dokumentasjonen innehalde informasjon om køyrde km med skyssbåten.

**17. Frådrag**
For alle besøk du søker om tilskot for, skal du trekke frå eit beløp tilsvarande 40 km reise med eigen bil. Dette beløpet utgjer per no 388 kroner. Dersom du har reiser/besøk som utgjer mindre enn 388 kroner i tilskot, vil det ikkje «lønne» seg å søke om tilskot for desse reisene/besøka. Du skal ikkje føre opp frådrag på returreisa til kontoret.

**18. Sum**
I desse felta skal du summere opp talet på køyrte km med eige framkomstmiddel, kroneutlegg, minuttar på reise med leigd skyss/rutegåande framkomstmiddel og frådrag. Totalsummen skal førast på side 1 i søknadsskjemaet under punkt 2. «Summar frå oversikt over reiser i søknadsperioden».